

Reglement for GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE i Fusa kommune - vedteke i kommunestyret 20.02.13. Satsar gjeldane frå og med 01.01.2015:

1.1	Fast årleg godtgjersle	Løn
1.1.1	Ordførar	778.590,-
1.1.2	Varaordførar 10% av ordførargodtgjersle	77.859,-

Godtgjersla til ordføraren er 90% av stortingsrepresentantane si årsløn (kr 865.100 pr 01.05.14), og skal frametter justerast i takt med lønsutviklinga til stortingsrepresentantane.

1.1.3	a) Leiarane i	
	• Planutvalet	
	4 % av ordførarløn	31.144,-
	• Kontrollutvalet	
	3 % av ordførarløn	23.358,-
1.1.4	Gruppeleiarane Fast årleg godtgjersle	2.500,-

Skal m.a. dekkja møteverksemd der det ikkje vert ytt møtegodgjeriing

1.2 Møtegodtgjersle

1.2.0	Leiarane i	
	• Takstutvalet	
	• Overtakstutvalet	
	• Røystestyra	
	• Klagenemnda	
	• Administrasjonsutvalet	
	• Ungdomsrådet	
	• Råd for seniorar og menneske med med nedsett funksjonsevne	
	1,6 % av ordførarløn	1.245,- pr. møte

1.2.1 Medlemer og møtande varamedlemer i

- Kommunestyret
- Formannskapet
- Planutvalet
- Klientutvalet
- Kontrollutvalet
- Administrasjonsutvalet
- Overformynderiet
- Takstutvalet
- Klagenemnda
- Overtakstutvalet
- Røystestyra
- Ungdomsrådet
- Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne
- Valstyret
- Ad-hoc og eventuelle andre verv etter nærare vedtak av kommunestyret

1,23 ‰ av ordførarløn

960,- pr. møte

1.3 Nærare retningslinjer

Den faste årlege godtgjersla etter punkt 1.1.1, 1.1.2, 1.1.3 og 1.1.4 vert lønsmeldt og betalt med lik sum over 12 mnd. Alle reguleringar – også dato for reguleringar – av den faste årlege godtgjersla, skal skje i samsvar med budsjett for påfølgjande år. Ordførar, varaordførar, leiar av planutvalet og kontrollutvalet si møtegodtgjersla framgår av 1.1 og 1.2.0.

1.3.1 For seminar, kurs og konferansar tilrådd av Fusa kommune vert tappt arbeidsforteneste dekkja. På innkalla møte med møteplikt vert det gitt møtegodtgjersle.

1.3.2 Dersom det er fleire politiske møte pr dag skal det utbetalast godtgjersle for kvart politisk møte.

1.3.3 Møtegodtgjersla skal spesifiserast på lønsslippen med møteperiode og antall møter per utval.

2. TAPT ARBEIDSFORTENESTE.

2.1 SATSAR

2.1.1 ULEGITIMERT TAP AV ARBEIDSFORTENESTE ELLER KOSTNADSDEKNING, inntil kr. 800,- pr. møte- eller reisedag.

2.1.2 LEGITIMERT TAP AV ARBEIDSFORTENESTE ELLER KOSTNADSDEKNING, inntil kr. 2.000,- pr. møte- eller reisedag.

2.2 NÆRARE RETNINGSLINER

2.2.1 Reglane under punkt 2 gjeld uavhengig av om det vert betalt andre godtgjersler etter dette regulativet.

2.2.2 Krav om tap av arbeidsinntekt eller kostnadsdekning etter punkt 2.1.1 skal ikkje dokumenterast, men den som krev utbetaling etter dette punktet skal likevel kunna sannsynleggjera at tapet er reelt - dvs. at ein skal ha eit reelt inntektstap eller ein reell kostnad som fylgje av vervet for å få dekning etter dette punktet. Kravet skal difor grunngjevast på innlevert skjema.

2.2.3 Krav om tap av arbeidsinntekt eller kostnadsdekning etter punkt 2.1.2 skal dokumenterast etter fylgjande reglar:

2.2.3 Krav om tap av arbeidsinntekt eller kostnadsdekning etter punkt 2.1.2 skal dokumenterast etter fylgjande reglar:

FOR ORDINÆR LØNSMOTTAKAR:

- Attest frå arbeidsgjevar om trekk i løn.
- Refusjonskrav frå arbeidsgjevar med bakgrunn i politisk arbeid for Fusa kommune.

FOR SJØLVSTENDIG NÆRINGSDRIVANDE:

- Attestasjon frå likningskontoret om pensjonsgjevande inntekt pr. år.
- I dei høve attest for pensjonsgjevande inntekt ikkje gjev eit korrekt bilete av det reelle tapet den folkevalde har ved å utføra vervet, kan han/ho gje ei skriftleg grunngjeving og krevja at det skal nyttast eit anna utrekningsgrunnlag.

- 2.2.4 Vederlag for tapt arbeidsinntekt skal reknast ut frå 230 arbeidsdagar i året.
- 2.2.5 Den folkevalde har sjølv ansvar for å leggja fram korrekt dokumentasjon.
- 2.2.6 Sekretæren for dei einskilde utvala har plikt til å gje informasjon om gjeldande reglar.

3. REISEGODTGJERSLE

- 3.1.1 Kommunen sitt reiseregulativ skal gjelda fullt ut for dei folkevalde som for tilsette i kommunen.
- 3.1.2 Reiserekninga skal førast i samsvar med dei retningslinene skattedirektoratet set for trekkfri godtgjersle.
- 3.1.3 Køyning til/frå møte skal reknast med utgangs- og endepunkt i den folkevalde sin heim i Fusa kommune. Folkevalde som i periodar bur utanfor kommunen, får dekkja reis til/frå møte etter særskild vurdering, jfr. kommentarar til § 41 i Kommuneleva.
- 3.1.4 All køyning i samband med møte, synfaring etc. må samordnast så godt som råd.

Ordførar får fullmakt til følgja opp at utbetalingane er i samsvar med reglementet og legg evt. tvilssaker for formannskapet til avgjerd.

Statens satser

Bruk av eigen bil:	kr 4,10 pr km
Passasjertillegg når det tas med andre arbeidstakere på oppdrag	kr 1,00 pr km pr arbeidstakar